

**Fra:** Antonsen Thor-Martin (Thor-Martin.Antonsen@kd.dep.no)

**Sendt:** 10.06.2015 13:06:59

**Til:** Jone Engelsvold; Kjell Øygarden (Kjell.Oygarden@afk.no) (Kjell.Oygarden@afk.no); steffen.ahlquist@tromsfylke.no; Kari Merete Andersen; Hilde Ulvatne Marthinsen; Lill Irene Cressey; bodil.lindestad@austagderfk.no; lkr@forskningsradet.no; 'mas@forskningsradet.no' (mas@forskningsradet.no)

**Kopi:** Arnulf Geir; Øiseth Kari Balke; Bjørke Kari; Arbo Sidsel Aarnæs

**Emne:** SV: Valperiode og gjenval av styremedlemer i RFF

**Vedlegg:**

Kunnskapsdepartementet viser til spørsmåla nedanfor frå sekretariatsleiar Jone Engelsvold (Regionalt forskingsfond Vestlandet).

I "Retningslinjer for regionale forskingsfond" punkt 3.2 om oppnemning av regionale fondsstyre heiter det:

"Styret oppnevnes for en periode på fire år som faller sammen med valgperioden til fylkestingene. Styremedlemmene kan gjenoppnevnes, men igjen kan sitte i styret i mer enn to hele oppnevningsperioder i sammenheng." (...) Oppnevningsperioden for fondsstyret skal være sammenfallende med valgperioden til fylkestingene; styreoppnevningsperioden ved førstegangsoppnevning skal derfor være to år (2010 og 2011)."

Kunnskapsdepartementets vurdering er at retningslinjene er å forstå slik at det ikkje er høve til å sitje i styret i meir enn to heile oppnemningsperiodar i samanheng, og at det difor er mogleg å gjenoppnemne medlemmer som vart oppnemnd første gongen med verknad frå 2010.

Retningslinjene omtaler ikkje eksplisitt gjenoppnemning av varamedlemmene i fondsstyret. Vi meiner på denne bakgrunn at den einkilde fondsregion sjølv kan vurdere om varamedlemmer kan gjenoppnemnast.

Med helsing

Thor-Martin Antonsen  
Seniorrådgivar  
Forskingsavdelinga  
Kunnskapsdepartementet  
Tlf 950 64704

**Fra:** Jone Engelsvold [mailto:Jone.Engelsvold@hfk.no]

**Sendt:** 3. juni 2015 10:52

**Til:** Kjell Øygarden (Kjell.Oygarden@afk.no) (Kjell.Oygarden@afk.no); steffen.ahlquist@tromsfylke.no; Kari Merete Andersen; Hilde Ulvatne Marthinsen; Lill Irene Cressey; bodil.lindestad@austagderfk.no; lkr@forskningsradet.no; 'mas@forskningsradet.no' (mas@forskningsradet.no)

**Kopi:** Antonsen Thor-Martin

**Emne:** Valperiode og gjenval av styremedlemer i RFF

Hei alle

I ein samtale rett etter styreleiar møtet torsdag mellom Lars, Thor Martin og meg tok eg opp med Thor Martin spørsmålet om korleis vi skal forstå retningslinjene for RFF når det gjeld 1) om dei to første RFF åra gjeld som ein full valperiode og 2) om det er slik at dei som har vore styremedlemer frå 2010 då har sitte 2 valperiodar og ikkje kan veljast på ny i haust. Vi drøfta også kor vidt ein vararepresentant til styret er å rekne som «styremedlem» etter retningslinjene og dermed vert femna av føringane i retningslinjene med omsyn til

val – f eks som styremedlem etter to periodar som vara.

Thor Martin vurderer det slik at dei første to åra frå 2010 – 2012 ikkje kan reknast som ein full valperiode, men lova å avklare dette og dei andre spørsmåla med sine i departementet, og kome med ei avklaring til fonda slik at vi kan leggje dette til grunn for arbeidet med nyval til hausten.

Dette til orientering.

Mvh

Jone

Jone Engelsvold  
Forslingskoordinator/  
Sekretariatsleiar Regionalt forskingsfond Vestlandet

Utviklingsseksjonen – Regionalavdelinga  
Hordaland fylkeskommune

Tlf 55 23 93 25/97660477